

Straumbrot i Uskedalen og Herøysund

10.01.2009

Det vindfulle veret forårsaka straumbrot både i Uskedalen og Herøysund laurdag.

Vakthavande i Kvinnherad Energi opplyser at linja frå sekundærstasjonen og mot Herøysund fall ut klokka 14.15 og vart kobla inn att 20 minuttar etterpå.

Straumforsyninga mellom sekundærstasjonen og Ljosnes fall ut ved 15-tida og var ute bortimot ein time.

Frå 22-tida og framover kvelden var det fleire straumbrot frå sekundærstasjonen og innover - det lengste vel ein halvtime. KE hadde problem med å finna den eigentlege feilen.

Men Herøysund vart hardare råka. Her vart ein kabel øydelagt og straumen vart borte i lengre tid fram mot kvelden, så lenge at nokon måtte ty til aggregat.